

Odda kommunestyre

v/ordfører Roald Aga Haug

Opheimsgt 31

5750 Odda

Mangel på nynorske læremidler

Rundt om i landet vårt er det komne svært mange asylsøkkjarar. Mange av dei har fått opphald rundt om i heile landet. I tillegg er det mange personar med eit anna morsmål t.d. arbeidsinnvandrarar eller dei er gift med ein nordmann.

Vaksenopplæringa for framandspråklege i Odda er ein bokmålskule. Årsaka er først og fremst at det er lite utarbeidde læremateriell på nynorsk.

Fagbokforlaget har gitt ut læreverket «**Norsk no**» på nynorsk d.v.s. tekstbok, arbeidsbok og lydbok. **På bokmål føreligg heile læreverket.**

Vi saknar desse komponentane på nynorsk:

*lærer-CD *øvingar i lytteforståing *ordlister *nettressurs *lærerretteiing med ekstraoppgåver

På eit høgare nivå har Fagbokforlaget gitt ut læreverket «**Klart det**» med tilsvarande komponentar som til «Norsk no». Alle dei andre delane av læreverket finnest berre på bokmål.

Vi har vore på lærarkurs i Bergen om hausten . Fagbokforlaget har då presentert lærebøkene sine. På spørsmål om kvifor forlaget ikkje har fullt utarbeidde læreverk på nynorsk er svaret: **vi får ikkje midlar frå styresmaktene til slike utgjevingar.**

Kunnskap.no gjev ut «**Norsk pluss serien**», eit nettbasert læreverk på både bokmål og nynorsk.

Bokmålsutgåva har vore nytta ved skulen vår.

Cappelen Damm har til no ikkje gjeve ut nynorske læremidler for framandspråklege vaksne.

Aschehoug gjev ikkje ut læremidler for framandspråklege.

Læreverk må vera utarbeidde på nynorsk med alle komponentane og alle nivå i opplæringa for at vi skal nyttta dei.

Vi vil med dette be dykk om at Odda kommunestyre påverkar styresmaktene. Løyvingar til fullt utarbeidde læreverk må koma til nynorskbrukarane snarast på alle nivå i opplæringa.

Vi vil og be dykk om å ta saka opp i Hardangerrådet og Landslaget for nynorskkommunar.

Odda dato 2016

Med helsing Odda voksenopplæring ved klubben til Utdanningsforbundet

Anne Grethe Thiis Vestrheim

Kopi: rektor Jon Olav Stadheim, leiar i Utd.f. i Odda Åshild Korssund, hovtv. I Utd,f. i Odda TerjeMikkelsen og leiar i Odda mållag Knut O. Dale.